

Sak 3/1

Forslag frå styret i NU om lovendringsframlegg § 9 Målbruk og § 10 Rusgift

Styret i SOFUL har diskutert høyringsbrevet om forslag til lovending, § 9 og § 10, og har følgjande merknadar.

SOFUL ber om at styret i Noregs ungdomslag (NU) trekkjer framlegget om å endra § 9 om målbruk i vedtektene til NU. Ønskjer ikkje styret dette, ber SOFUL om at saka heller vert fremja på nytt under landsmøtet 22. - 24. april 2022, med eventuelt vedtak i 2023. Dette vil sikre at lovendringsforslaga får den breie debatten forslaga treng og fortener.

Styret gjer òg merksam på at det er nokre formelle feil i høyringsbrevet om lovendingar. Under vedlegg 2. står lovendingane som § 2 Trygg samværskultur og § 10 Språkbruk, mens det skulle ha vore § 9 målbruk og § 10 Trygg samværskultur.

Bakgrunn for saka

Styret i NU, ved styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen, har fremja to forslag til vedtaksendingar som gjeld § 9 Målbruk og § 10 rusgifter.

Lovendringsforslaga vart presentert under landsrådsmøtet oktober 2021, med frist for å kome med innspel og tankar kring framlegget 25. februar. Eventuelt lovframlegg må etter det kunngjerast seinast 22. mars 2022, jf. § 14 i vedtektene til NU.

Styret i SOFUL sin vurdering av endringsforslaga

Sjølv om endringsforslaga formelt sett er varsla riktig i høve § 14, meiner SOFUL at forslaget om oppmjuking av § 9 målform er så vidtgåande at det må leggest fram for eit samla landsmøte, og ikkje landsrådet som er eit mykje mindre organ. Etter nedlegging av bladet Ungdom, saknar i tillegg styret i SOFUL ei god plattform for medverknad der saka kunna ha vore presentert og debattert. Styret er av den bestemte meining at nyhendebrevet til NU og Hypersys ikkje er fullgod erstatning for å nå medlemmane.

Styret finn det òg uryddig at vedtaksendingane kjem frå eit samla styre, men at saka er presentert og argumentert gjennom tankar frå leiaren. Er det eit samla styre som står bak vedtaksendingane, må det òg vere eit samla styre som grunngjev kvifor det er naudsynt med vedtaksendingar.

Forslag om endring av § 9 Målform

Målsaka er del av DNA-et til NU. Å vraka nynorsken etter 125 år er ei for stor sak ei slik lemfeldig sakshandsaming. Styret finn heller ikkje at plan for utarbeiding av ein språkbruksplan er godt nok forankra slik den er føreslegen. At dette skal vere ei sak for landsrådet, fordi ein vil spare landsmøtet for tidsbruken, kan tyde på at styret og styreleiar i NU ikkje fullt ut har forstått konsekvensane av lovendringsframlegget.

Styret i SOFUL tykkjer òg at det er unødvendig med utsegn som at «nynorsken òg kjenst som ein hemsko». Debatten kring nynorsk i valkampen (jf. FpU sitt utspel) viser at målkampen lever i beste velgåande. Dette verkar polariserande og kunne med fordel ha vore tona ned. SOFUL vil òg minne om at det berre er sentralledet i NU som må følgje nynorsk. Regionlag og lokallaga kan – og nyttar den målforma dei sjølv ser på som naturleg i sitt daglege arbeid. Det er berre når laga fremjar sakar som angår heile NU-rørsla at laga må nytte nynorsk.

Styret tykkjer og at tidspunkt for framlegging av forslag om endring av § 9 Målbruk er feil. Så vidt styret veit, er NU framleis i dialog med Frilynt om samanslåing. Ved fusjon vil vedtektsendringar vere sentral del av diskusjonen. Det er difor prematurt å starte dette arbeidet før ev. samanslåing med Frilynt er avklart.

Forslag om endring av § 10 Rusgift

Når det gjeld § 10 meiner SOFUL at trygg samværskultur og alkohol er ikkje ein god kombinasjon. Vedtektene gjeld òg berre sentralledet i Noregs Ungdomslag. Der region- eller lokallag er tilskipar eller arrangør, med støtte frå sentralledet, vil det vere ein skjønnsmessig vurdering om alkoholserving er akseptabelt.

Styret meiner difor at gjeldande regelverk er godt nok, men at det er mogleg med modernisering av det språklege innhaldet der rusgift vert endra til alkohol, sidan dette er det einaste godkjente rusmiddelet i Noreg.

Avslutning

På bakgrunn av dette meiner styret i SOFUL at lovendringsforslaget § 9 bør trekkast, ev. at forslaga vert presentert på landsmøtet i april 2022 slik at vi er sikra ei brei og god debatt.

Når det gjeld § 10 meiner styret at gjeldande regelverk er godt nok, men at ein ev. kan endre ordlyden, frå rusgift til alkohol.